

# Barentshavet må få ligge i fred!

Tekst/mel: Ola Dimmen

A musical score in G major (one sharp) and 2/4 time. It consists of three staves of music with lyrics underneath. The first staff has chords A, D, A, D, E7. The second staff has chords A, D, C#7, D, A, D, E7, A. The third staff has chords D, A, D, A, D, A, D, E7, A. The lyrics are: "Regjeringa skreiv un-der proto kollen i Par - is. Vakre ord om klima om Arktis og om is. Iskanten blei flytta for å bore lenger nord, så løfta frå Pa - ris var løgn og lettkjøpte ord! Barents hav - et Barents hav - et Barents hav - et må få ligge i fred!"

Klima er i endring og Arktis smeltar bort.  
Staten kjøper kvoter, men ingenting blir gjort.  
Grunnlova skal gjelde for folk og land og sjø,  
men Stortinget har svikta oss og Arktis kan dø!  
Barentshavet, Barentshavet, Barentshavet,  
må få ligge i fred!

Staten tar opp oljen og brenn av alt vi finn.  
Barn og unge fryktar at framtida forsvinn.  
Oljemakta herjar, no vil vi ha eit svar!  
Dei kan ødelegge jorda vår og ta alt vi har!  
Barentshavet, Barentshavet, Barentshavet,  
må få ligge i fred!

## Enig og tro til Arktis faller

160 av 169 stortingsrepresentanter støtter oljeboring i Arktis!

